

# **Til politikarar og administrasjon i Ulstein kommune**

## **Innlegg til debatten om å legge ned Ulstein og Haddal barneskular.**

For at de som politikarar skal kunne vurdere og ta standpunkt, er det særstakt viktig at de får eit rett grunnlag å gjere dette på. Ein må vere trygg på at det blir brukt rette tal og i rett samanheng. Dette er ikkje lett å finne ut av i rapporten. Har gått gjennom KSK-rapport nr/2022 og finn at bruken av tala/anslaga fører til usikkerheit. Ein har lagt saman både epler og pærer.

Vil ta fram eit par av desse:

DEN ØKONOMISKE ANALYSEN SOM LIGG TIL GRUNN:

Vi kan sjå litt på framlagde tal og bruk av desse i rapporten vedr bygningsmasse.

- **6.2 Kostnadsdrivere**

Ta t.d. Tabell 4.1 FDV utgifter til skolebygg etter type kostnad:

Her står Herøy og Hareid oppført med kr 0,- i utgifter til renholdsaktivitetene. Grunna manglande forklaring på kr 0,-, ser det ut som om rapporten er uferdig. Her mangler det kvalitetssikring på opplysningsane som er gitt. Har tabellen då tal vi kan stole på?

Tala her blir tekne med vidare til Tabell 2: Anslag på årlig kostnad per kvadratmeter skolebygg.

Her legg ein til avskrivningar med eit historisk tal på 323 kroner. Vidare legg dei til ein «kalkulatorisk rentekostnad på et nybygg på om lag 200 koner pr kvadratmeter per år». Det er då ikkje vanskeleg å bruke det reelle talet. Her burde talet for 2020 vore brukt. Ein bruker altså både anslag og reelle tal i same oppstilling. Ikkje lett å halde greie på for den som vil orientere seg.

Det interessante i dette kapittelet må vere å finne kva er desse kostnadane for Ulstein og Haddal Barneskule, og kva er netto innsparing teke hensyn av at kommunen framleis vil eige/forsikre/avskrive/betale straum etc på bygga. Eg kan ikkje sjå at Haddal skule kan seljast då bygda eig delar av bygningsmassa.

RAPPORTEN:

- **5.4 Økonomiske drivere i skolen**

Viser videre til s 30-31 i KSK-rapporten.

Der er det brukt gjennomsnittsløna på landsbasis. Skal dette ha relevans i saka, må lønnskostnadane for Haddal og Ulstein Barneskule nyttast. I tillegg må det settast opp kor mykje spesialundervisning ein ikkje kan kutte ut ved å flytte saman Haddal og Hasund krinsar/ Ulstein og Ulsteinvik. Det er dei reelle tala i Ulstein kommune som er interessante, og ikkje synsing på grunnlag av landsgjennomsnittet.

Det teoretiske eksempelet som vist på side 31, er derfor berre eit anslag.

- **6. Valgmuligheter og gevinstar pkt 2. side 36.**

Overslaget som her er sett opp, er ikkje utrekna tal. Det er basert på den kombinasjonen som er nemnt lenger oppe. Vi veit ikkje om innsparing på antall grupper og læretetthet blir 3 mill, vi veit

ikkje om kostnaden på leiinga er på 1 mill, men vi veit at innsparing forvaltning, drift og vedlikehald ikkje blir 4 mill.

Dette blir eit svært forvirrande grunnlag for dei som ikkje er van med å lese i tal, og heile rapporten står fram som eit anslag fremma mot ei ynskja retning: nedlegging av krinsane.

## **Kva er så reknestykket? Kva er gevinsten? Og ikkje minst kva er tapet?**

Å legge ned skular har stor påverknad på den framtidige demografien i krinsane våre. Vil vi at all framtidig busetting skal inn mot sentrum? Kva vil den fortettinga i tilfelle føre til i sentrum?

Har vi råd til å la barneskuleungane våre site på buss i fleire timer pr dag for å kome seg til/frå skulen?

Har sentrum/ Hasund plass til så mange ekstra born til fritidsaktivitetar?

Har vi råd til å legge ned t.d. Haddal skulekorps/ Haddal I.L.?

Har vi råd til å miste initiativrike personer som driv dugnad i krinsane?

Har Ulstein kommune råd til å «miste» borna til Møre barneskule?

Har vi område stort nok til at alle SFO-ungane blir levert/henta med bil ved Hasund eller Ulsteinvik barneskule?

Har vi sett på andre alternativ for å spare i kommunen?

- T.d. ikkje bygge ut tomter som ikkje blir lagt ut for salg (ref Holsekeren)
- Ikkje gå i fella for fleire miljøgater ( ref dei spesialdesigna gatelyktene som ligg og rustar på Stranda Verksted etter at prosjektet datt i hop grunna manglande styring?)
- Utopier om framtida i sentrum ? (prosjektet som omhandla 800 meters radiusen frå sentrum, delvis kosta av fylkeskommuna)

Og det er klart at dersom drifta av kommunen skal reduserast på dei lovpålagte oppgåvene, får dette ringverknader i administrasjonen.

NO må vi bruke midlane og ressursane i kommunen rett, kanskje på tide å ta fram igjen uttrykket GODT NOK.

Til slutt vil eg minne om Knut Arne Høyvik sitt innlegg som syner at det i rapporten er lagt til grunn feil prognose vedr utvikling av barnetalet i kommunen.

**Då vil eg ynskje dykk lykke til i debatten, men håper de snart innser at krinsane treng å få ro kring spørsmålet om skulenedlegging. Det handlar om mykje meir enn sjølve skulane.**

Med helsing

Ingrid Remø